



STAVANGER KOMMUNE BYMILJØ OG UTBYGGING
Postboks 8001
4068 STAVANGER

Kontakt saksbehandlar

Karen Beate Grimstad, 51568940

Høyringsuttale til temaplan for klima- og miljø i landbruket 2020 - 2030

Stavanger kommune har sendt på høyring temaplan for klima og miljø i landbruket 2020 – 2030. Kommunen har generelt ambisiøse mål når det gjeld klimaomstilling og miljøvern. Ingen andre kommunar i Rogaland har ein eigen klima- og miljøplan for landbruket, sjølv om landbruket er ein tung del av klimaplanen i nokre andre kommunar. Me ser føre oss at fleire kommunar vil sjå på arbeidet Stavanger har gjort etter kvart. Me vil gje ros til kommunen for å laga ein slik plan. Temaplanen er eit viktig skritt vidare frå Klima- og miljøplanen frå 2018, og er ein god måte å veksa inn i det nye Stavanger som no er blitt ein stor primærnæringskommune.

Stavanger har eit sterkt kulturprega landskap, og kommunen har nokon av dei eldste og flottaste kulturlandskapa i landet! På Rennesøy ligg dessutan eit av fylket sine to Utvalde Kulturlandskap (UKL) – eit område med særst viktige naturtypar, biologisk mangfald og kulturminne. Her har Stavanger eit stort ansvar med å forvalta ei nasjonalt viktig arv.

Temaplanen inneheld mange gode forslag til korleis Stavanger skal jobba med klima- og miljø i landbruket dei neste åra, og vil vera eit viktig verktøy for å gjera kommunen til ein grøen spydspiss. Me har både nokre generelle kommentarar til temaplanen og nokre meir konkrete innspel til innhaldet.

Generelle kommentarar

Struktur i dokumentet

Å forstå og bruka planen kan bli enklare om måla og tiltaka blei omtalt først og utgreiinga om situasjonen og utfordringane etterpå. Tydelegare overskrifter ville gjort oppsettet i den delen av dokumentet som beskriv utfordringane meir oversiktleg: Til dømes "Landbruket og klimagassutslepp" og "Landbruket og biologisk mangfald".

Kopling mot andre kommunale planar



Temaplanen for klima og miljø i landbruket er ein del av eit omfattande planverk i kommunen. Temaplanen sin plass i dette systemet er godt forklart innleiingsvis.

Landbruket vil vera omfatta av fleire kommunale planar slik som kommuneplanen sin arealdel, "Grøn plan" og hovudplanen for vassforsyning, avløp, vassmiljø og overvatn. Det må leggast vekt på at dei ulike planane skal styrka kvarandre sine mål og strategiar.

Denne temaplanen tar ikkje med seg tema klimatilpassing i landbruket, men dette temaet er dekkja i kommuneplanen. Klimaomstilling i landbruket er heilskapleg, og me oppmodar kommunen til å sikra relevante koplingar og implementering av tiltaka i handlingsplanen til klima og miljøplanen og handlings- og økonomiplanen.

Temaplan for klima og miljø i landbruket tek for seg sjølve matproduksjonen, men seier lite om landskapet denne produksjonen gir oss. Miljøverdiar, friluftslivinteresser m.m. i kulturlandskapet vil bli dekkja opp i andre delar av planverket, me er likevel redde noko vil kunne falla mellom fleire stolbein. Eit døme på dette er bevaring av steingardar, som er eit særskilt viktig element i kulturlandskapet i Stavanger. Press på å gjera areala lettare å driva, fører til at steingardar forsvinn i heile fylket. Samstundes ser me at steingardar har eit dårleg vern i regelverket. Me oppmodar kommunen til å lage retningslinjer på kor og kva slags steingardar som skal takast vare på som kan brukast ved søknader om fjerning, råd om vedlikehald og skjøtsel og tildeling av tilskot som SMIL. Det same gjeld større tre i kulturlandskapet.

Særleg er det viktig at oppfølging av UKL-området på Rennesøy blir sikra gjennom det heilskaplege planverket. Her må kommunen nytta dei verkemidla som er tilgjengelege for å ta vare på landskapet. Kommunen må og avklara arbeidet med kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA) i planverket.

Konkretisering av lokale utfordringar

Mange utfordringar er beskrivne i planen. Noko av det vanskelege i ein slik plan er å beskriva dei lokale forholda og konkretisera dei lokale utfordringane. Det bør knytast tiltak til alle utfordringane som blir beskrivne. Planen kunne i større grad konsentrert seg om dei viktigaste miljøutfordringane i landbruket, og dei som landbruket sjølv kan bidra til å løysa. Eit døme på noko som i liten grad er knytt til lokale forhold, er erosjon og svak jordhelse. Er det grunnlag for å hevda at svak jordhelse er ei utfordring i Stavanger kommune? Eit anna døme på noko som i liten grad er knytt til lokale forhold er bevaring av genressursar i landbruket. Stavanger har svært få dyr av bevaringsverdige rasar i dag, og dersom dette er noko som kommunen ønsker å prioritera, bør dagens situasjon bli omtalt og det bør knytast nokre konkrete tiltak til utfordringa.

Prioriteringar

Me oppmodar kommunen til å prioritera mellom forslag til tiltak. Det hadde vore bra om planen viste kva tiltak som allereie er implementert, kva det er avsett tilskot og ressursar til i dag, og kva som manglar av verkemidler for å realisere miljømål for landbruket. Når det gjeld klimatiltak, er det viktig at kommunen ikkje berre prioriterer tiltak som syner igjen på kommunen sitt eige klimaregnskap, men også tiltak som er viktige for det nasjonale klimaregnskapet.



Konkrete innspel

Skogbruket er ein del av landbruket

Temaplanen bygger på mål vedtekne i Klima- og miljøplanen Stavanger 2018-2030, og denne peiker på at landbruket består av både jordbruk og skogbruk. Me antek at andre delar av planverket vil omfatta natur, friluftsliv og naturmangfald i skogområda, men kan ikkje sjå at sjølve det næringsretta skogbruket fell innanfor denne planen. Å ta vare på og auke areal med skog, inkludert produksjonsskog, er heilt avgjerande verkemiddel for å redusera klimagassar i atmosfæren. Etter at Rennesøy, Finnøy og Ombo blei ein del av Stavanger kommune, har arealet med produktiv skog auka frå 7 100 da til 59 000 da. Stavanger kommune har no gode moglegheiter til å gjera klimatiltak som monnar gjennom den primære skogforvaltinga og bruk av kortreiste ressursar frå skogen. Me oppmodar difor til at miljø- og klimaverknader av skogbruk og tiltak i skogbruket blir implementert i temaplanen for klima og miljø i landbruket, slik at denne primærnæringa ikkje fell utanfor plansystemet. Me vel å gje noko meir detaljert tilbakemelding på dette temaet, for å letta arbeidet dykkar dersom de vel å ta med skogbruket i temaplanen.

Utfordringar i skogbruket i Rogaland er i stor grad knytt til avskoging og lite oppfølging av skogbruksareala. Avskoging skjer gjennom at skogareal blir omdisponert til andre føremål eller at hogstflatar ikkje blir planta til. Konkrete tiltak for å redusera biologiske klimagassutslepp frå skogbruket vil vera:

- Følgja opp foryngingsplikta og sørga for at hogstareal blir planta til med eigna treslag (indikator; planta dekar kontra hogd dekar. Kan hentast i ØKS eller SSB 08705: Skogplanting)
- Setta krav om eit reelt behov for nytt jordbruksareal ved omdisponering av skogbruksareal (indikator; resultatkartlegginga eller NIBIO endringsanalyse)
- Følgja opp grunneigarar som ynskjer å omdisponera skogareal til jordbruksareal og informera om fristar og arealkrav (indikator; resultatkartlegging eller NIBIO endringsanalyse)
- Informera skogeigarar om støtteordningar for ungskogpleie (indikator; ungskogpleie dekar kontra planta dekar for sju år sidan. Kan hentast i ØKS. Eller SSB 08704: Ungskogpleie) og støtteordninga for tettare planting på hogstareal

Kommunen kan gjera andre effektive tiltak for å nyttiggjere seg av skogen som ein fornybar ressurs som reduserer karbonutslepp ved å erstatte fossilbaserte råstoff. Tiltak for redusert bruk av fossil energi, for å halda verdiar i kretsløp og foredla ressursar er:

- Informera om støtteordningar for flisfyringsanlegg i landbruksbygg (indikator; tal flisfyringsanlegg i kommunen)
- Arbeida for at bioenergi i større grad blir nytta til oppvarming i landbruksbygg
- Arbeida for at tre i større grad blir nytta til konstruksjonsmateriale i landbruksbygg

Skog er særskilt viktig for naturmangfaldet, og for å få til ei berekraftig skogforvalting må det leggest til rette for eit rikt biologisk mangfald og skogsmiljø. Me vil i den samanheng peika på det vellukka systemet med frivillig vern og skogbruksplanar med miljøregistreringar i skog (MiS). Stavanger kommune har område med naturskogkvalitetar med svært høg variasjon med stadeigne og til dels naturaliserte tre og buskar, som kan ha viktige genressursar for både produksjonsskog, parkanlegg og restaurering av naturskog. Døme på dette er dei bratte sørvestvende liene på Rennesøy, Halsnøy og Ombo, der artsmangfaldet er stort.



Manglande kopling til nasjonalt arbeid med reduksjon av klimagassar frå landbruket

I juni 2019 skreiv regjeringa, Noregs Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag under ein intensjonsavtale om klimamål for jordbruket. Regjeringa sin klimaplan som blei lagt fram i januar, legg denne til grunn for landbruket sitt klimaarbeid. Me saknar ei tydelegare kopling til «*landbruket sin klimaplan*» i denne temaplanen.

Redusera utslepp frå landbruksmaskinar og redusera bruk av fossil energi

Me er positive til å vurdera støtteordningar til investering for berekraftig biodrivstoff. Eit anna viktig moment for å redusera utsleppa for landbruket sin maskinpark, er bruksstruktur. Spreidde og oppstykkja jordbruksareal er ei veksande utfordring. Me oppmodar kommunen til å innarbeida eit tiltak om å jobba meir målretta for å redusera stor avstand mellom tilleggsareal og leigeareal, og mellom bruka i ei driftseining.

Når det gjeld utslepp av klimagassar frå oppvarming av veksthus, er tiltaket først og fremst å følgja opp forprosjektet "klimareduksjon i veksthusnæringa" (ID LB5). Me legg til grunn at Stavanger vil finna konkrete tiltak for gartnerinæringa gjennom dette prosjektet.

Redusera utslepp med biologisk opphav til luft, sjø og vatn

Planen får på ein god måte fram utfordringane knytt til reduksjon av klimagassutslepp frå husdyr på den eine sida, og matproduksjon basert på lokale ressursar og ivaretaking av beiteområda på den andre sida. Tiltaka i planen er i tråd med regjeringa sin klimaplan.

Det skal leggest til rette for at fylka skal kunne velja å gi regionalt miljøtilskot til klimarådgiving gjennom Regionalt miljøprogram (RMP). Det er framleis ikkje bestemt om Rogaland skal ta ordninga i bruk. Det blir ei avveging av økonomisk ramme opp mot effekt av ulike tiltak. Me vil likevel understreka at klimarådgiving er eit viktig tiltak, og det er bra kommunen viser til tiltaket i temaplanen (ID LB7).

Elles er fleire gode tiltak foreslått for å redusera biologiske klimagassutslepp, til dømes kartlegging av behovet for auka lagerkapasitet for husdyrgjødsel (ID LB11) og stimulera til å få på plass tett dekke på gjødsellager (ID LB8).

Det er bra kommunen vil vurdera å utvide verkeområdet for forskrift om avgrensing av spreieperiode for husdyrgjødsel og anna organisk gjødsel til å inkludere tidlegare Rennesøy og Finnøy kommunar (s. 31-32). Kommunen vil òg utforme ei lokal forskrift for nedbørsfelt til Hålandsvatnet (ID LB15), for å unngå haustpløying og open åker. Dette er i temaplanen omtalt under tiltak for å redusera klimagassutslepp, men moglegheita til å laga ei slik lokal forskrift om avgrensing av spreieperiode for organisk gjødsel er heimla i forskrift om organisk gjødsel, med det føremålet å redusera avrenning av næringsstoff. Kommunen må i arbeidet med å sjå på utviding av gjeldande lokal forskrift vurdera om det er alvorleg forureining eller fare for alvorleg forureining i desse områda jf. forskrift om organisk gjødsel § 23 fjerde ledd. Nedslagsfeltet til Hålandsvatnet er omfatta av gjeldande forskrift. Kommunen har ikkje heimel til å fastsette lokal forskrift om rutinar for jordarbeiding. Statsforvaltaren skal på generell basis vurdera bruk av lokal forskrift om regionale krav til miljøforsvarleg drift jf. jordloven §11. Me har ikkje kome så langt i desse vurderingane at innføring av lokal forskrift kan stå som eit tiltak i Stavanger kommune sin klima- og miljøplan. Det er



til dømes framleis punktutslepp som går ut i Hålandsvatnet, og det er avgjerande å stoppe desse fyrst.

I tiltak LB10 har de tiltaket vidareføra og utvikla tilskotsordning for miljøvenleg spreing av husdyrgjødsel. Viss de med dette tiltaket meiner regionalt miljøtilskot, gjer me merksam på at sjølve utforminga av ordninga ligg til Landbruksdirektoratet. Heile Stavanger kommune er inkludert i dagens ordning. Me føreslår at de endrar tiltaket til å mobilisere for auke oppslutting kring regionalt miljøtilskot til miljøvenleg gjødselspreing.

Jord og landbruksareal som eit viktig karbonlagring og moglegheit til å auka karbonlagring

Det er positivt av jordvern blir sett opp som eit viktig tema også i klimasamanheng. Det er viktig å kartlegge areala ein har i kommunen, slik at alle sektorar kan planlegga tiltak for i størst mogleg grad å unngå å frigjere klimagassar som ligg i grunnen eller vegetasjonen. Å dyrka ny jord for å erstatta tapt matjord er ikkje ei løysing - det vil kunne gi negativt klimarekneskap. I særleg grad gjeld dette dyrking av myr, som det er peika på i strategien. Det bør vere strenge kriterium for dispensasjon frå forbod om nydyrking av myr.

Me er samde i at Regional jordvernstrategi for Rogaland må vera førande for Stavanger kommune, og me må då tenkje heilt nytt om jordvern. Å setta konkret jordvernsmål og å revurdere utbyggingsareal som kan tilbakeførast til LNF er eit godt tiltak (ID LB12). Her ønskjer gjerne Statsforvaltaren å bidra i ein dialog. Me vil elles peike på at redusert nedbygging av matjord også må gjelde for tiltak innan landbruksnæringa.

På s. 30 og i tiltaket med ID LB 17 er det vist til eit nasjonalt mål om at gartnerinæringa skal vera torvfri innan 2030. Eit slikt forbod blei først føreslått av Miljødirektoratet, men etter ei utredning konkluderte dei med at det per no ikkje finnest gode alternativ for torv for næringa. I staden blei det anbefalt å jobba for å finna alternativ til å bruka torv. Rapporten ligg nå hos Klima- og miljødepartementet. Utan reelle alternativ til torv, er målet om at gartnerinæringa skal vera torvfri innan 2030 urealistisk.

Ivaretaking av biologisk mangfald i aktive jord- og skogbrukområde

Mykje av arealet i Stavanger kommune er i aktiv landbruksdrift, og ei berekraftig forvaltning med god ivaretaking av biologisk mangfald innafor dei varierte landbruksareala, er difor særst viktig.

Eit betydeleg areal av den utvalde naturtypen kystlynghei er funne innanfor Stavanger kommune sine grenser, og kystlynghei utgjør mesteparten av det utvalde jordbruksskapte kulturlandskapet på Rennesøy. Eit forslag til tiltak er informasjon om naturtypen og tilskotsordningane. Ein indikator på dette vil vera endringar i areal i aktiv drift, areal som jamleg blir brent. Det er mogleg å få slik oversikt gjennom RMP og SMIL-ordningane.

Kommunen kunne òg vurdert eit tiltak for å informera om naturtypen slåttemark. Slåttemark er ofte artsrike og har ei stor verdi for ville pollinerande insekt. I tillegg vil mindre areal som kantsoner vera viktige. Eit tiltak kan vera å legge til rette for produksjon og bruk av lokale frøblandingar til slike areal. Vidare kan det informerast om og stimulerast til å leggja til rette areal for pollinerande insekt. Dette kan få støtte gjennom RMP-ordninga. Vidare er det viktig å ta vare på ein variasjon av naturtypar og element i kulturlandskapet, og sørga for at teigstrukturen ikkje blir øydelagt. Steingardar, hekkar og holmar i landskapet er viktige for det biologiske mangfaldet, og kommunen



bør ha ein strategi for å ta vare på desse elementa. Det same gjeld kantsoner ned til elver og bekker. Det kan leggest til å legge for å planta til slike område med stadeigne artar - gjerne artar som er bestøva av insekt. Planen bør òg visa til revidert regionalplan for Jæren, der det blir arbeida med ein overordna grønstruktur, som å ta vare på større og samanhengande område rike på biologisk mangfald.

Temaplanen kunne òg omtalt restaurering som eit tiltak som kan vurderast i landbruksområde. Dette kan vera restaurering av myrområde, steingardar, dammar, naturskog/hagemark eller andre biotopar.

Reint vatn

Det kunne med fordel vore vist til kor mange elvar, bekkar, innsjøar og vassførekomstar langs kysten som har utfordringar med vasskvalitet som følgje av påverknad frå landbruket. Dette kan gjerast ved hjelp av kart frå Vann-Nett, der alle vassførekomstane i Stavanger er vist med økologisk tilstand og miljømål. I det pågåande arbeidet knytt til vassforskrifta, er det i forslag til *Regional vannforvaltningsplan 2022-2027* satt opp ei geografisk prioritering av nedbørsfelt. Det bør visast til vassforvaltningsplanen og prioriteringane der. Det same gjeld *Regional tiltaksprogram 2022-2027*, som har eit eige kapittel om tiltak i landbruket. Det bør og visast til at Stavanger er med i «frivillige tiltak i landbruket», både i tekst i tiltak.

Planen omtalar akutte utslepp frå landbruket på s. 35. Me vil foreslå eit nytt tiltak som sikrar at kommunen får på plass, og følger, gode rutinar for å handtera slike punktutslepp av gjødsel eller silosaft. Det kunne òg vore eit tiltak som omhandla førebygging av slike utslepp, til dømes gjennom informasjon om ansvar og konsekvensar.

I tiltak med ID LB27, står det at kommunen skal vurdere krav om kantsone mot vatn i KPA. Kommunen kan leggja omsynssoner langs vassdrag i LNF-område. Omsynssonene vil då vera førande for ny aktivitet. I etablerte jordbruksområde kan kommunen ikkje pålegga krav om kantsone. Me føreslår difor at de skriv om formuleringane i tiltaket. Vidare er det viktig at kommunen følgjer opp krav om ingen jordarbeiding i vegetasjonssona langs vassdrag med årssikker vassføring for areal- og kulturlandskapstilskot i jordbruket. Kommunen kan òg leggja til rette for frivillig etablering av kantsoner, og de kan retta SMIL-tilskot til etablering av kantsoner for å hindra jordtap.

På s 32 skriv de om drenering. Me saknar at kommunen gjer greie for status på dreneringssituasjonen i kommunen. Kommunen kunne med fordel vist til leigejordsproblematikken i dette avsnittet.

I avsnittet "Vasskvalitet - jorderosjon og avrenning av næringsstoff" på s. 21 burde avrenning av overskotsgjødsel frå veksthus bli omtalt. Dette er truleg ei betydeleg kjelde til forureining i nokre vassførekomstar i kommunen. I tiltaksdelen er det føreslått informasjon om støtte frå SMIL til finansiering av resirkuleringsanlegg i veksthus (LB29). Det bør presiserast at dette ikkje berre gjeld resirkuleringsanlegg, men òg andre tiltak mot avrenning frå veksthus. Vidare bør det skrivast inn at det må informerast om støtte frå Innovasjon Noreg til slike tiltak.



Mindre avfall og miljøgifter frå landbruket og i landbrukslandskapet

Stavanger har eit delmål om at alt farleg avfall skal leverast godkjent mottak. Det finst brukarretteiing på avfallsdeklarering.no. Elektronisk deklarerer for farleg avfall er lik for alle, inkludert enkeltmannsforetak og småbedrifter. Ei forenkling av systemet vil sannsynlegvis ikkje kunne gjennomførast (tiltak med ID LB 37). I staden bør det prioriterast å gi informasjon om og opplæring i dagens system.

Når det gjeld tiltaket med ID LB41, «Auka tilsynsaktivitet på ytre miljø, særleg bruk, oppbevaring og handsaming av farleg avfall», er Statsforvaltaren myndigheit for etablering av mottak og mellomgring av farleg avfall. Kommunen har myndigheit etter forureiningslova § 28, forbod mot forsøpling, og kan krevje opprydding. Det er Statsforvaltaren som kan gje avvik etter avfallsforskrifta kapittel 11. Me foreslår at ID LB41 endrast til «Auka tilsynsaktivitet på ytre miljø, særleg retta mot farleg avfall».

Me er enig i at det trengs gode rutinar for varsling ved akutt forureining (tiltak med ID LB42). Dette burde også inkludera rutinar og informasjon for varsling av alle styresmakter: brannvesenet, Kystverket, Statsforvaltaren, og kommunen.

I tiltaket med ID LB36 står det at kommunen skal avklara avtale med returselskap for folieplast – dette er eit viktig tiltak, og det er bra at kommunen har tatt det med. Me foreslår òg eit tiltak på å følge opp plastforsøpling frå landbruket i miljøet, der kommunen er myndigheit.

Styrka forbrukarmakt og meir økologisk landbruk

Statsforvaltaren ser positiv på at Stavanger kommune set opp talmål for auka produksjon og forbruk av økologisk mat, samt ønsker å fremma etterspørsel gjennom direkte kontakt mellom forbrukar og produsent. Me ser med noko bekymring på det komande kravet om at økologisk veksthusproduksjon skal skje rett i bakken, og ikkje i jordsekker som er praksis i dag. Denne endringa vil kunne spela inn på moglegheita for å nå delmålet om at 15 % av gardane/gartneria i kommunen skal driva økologisk, utan at me meiner målet bør endrast av den grunn.

Me foreslår å setta konkrete mål for tal småskala foredlingsverksemdar, i tillegg til mål for forbruk og produksjon. Fordelane med å ta tilbake noko av matforedlinga til bynære områder gjeld like mykje for lokalmat basert på konvensjonelle råvarer, og kan være eit mål uavhengig av satsinga på auka økologisk.

Når det gjeld Rekoringen, er hovudgrunnen til at dei har oppnådd så stor popularitet at det er eit veldig enkelt system både for forbrukaren og produsenten. Ein låg organiseringsgrad og lettvin tilkomst med bil er avgjerande frå produsenten si side. Samstundes saknar mange ein slik omsetningskanal som er tilgjengeleg utan å nytta bil. Dagens digitalisering byr på mange moglegheiter for at produsent og forbrukar finn kvarandre. Kommunen kan med fordel leggja til rette for og stimulera til alternative salskanalar.

Det er ført opp mange gode tiltak under kapitlet. Me har forslag til fleire eksterne aktørar som kan vera støttespelarar:

ID LB43: I tillegg til Rekoringen er Bondens marknad, Matfylket Rogaland og Matregion Rogaland moglege støttespelarar.

ID LB44: Matvalget (tidlegare Debio info) bør førast opp.



ID LB45: Gausel fritidsgård kan vera ein aktør.

ID LB46: Pådriv Hillevåg bør førast opp. Aktivitetsleiaren har planlagt nabolagshage og avtalt bruk av areal med kommunen og Felleskjøpet.

ID LB47: Matregion Rogaland, Matfylket Rogaland og Kompetansenettverk Lokalmat Sør kan vera interessante aktørar.

ID LB48: Økologisk Rogaland og fagorganisasjonar kan vera aktuelle aktørar.

Avslutningsvis

Heilt til slutt vil me peika på at vårt gamle namn "Fylkesmannen" er nytta i temaplanen og i vedlegga. Me reknar med Stavanger kommunen rettar dette til "Statsforvaltaren" i dei endelege dokumenta.

Ta gjerne direkte kontakt med oss dersom de har spørsmål eller ønskjer meir informasjon rundt nokre av innspela våre.

Med helsing

Lone Merethe Solheim
statsforvaltar

Geir Skadberg
landbruksdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent